



Hadeland dialekt- og mållag



Innkalling til årsmøte i Hadeland dialekt- og mållag

måndag 12. februar 2018 kl. 1800-ca. kl. 1900

Gran bibliotek, Skolelia 3, Gran.

Kaffi og kringle.

Etter årsmøtet opnar vi dørene og får høyre Gunvor Raastad halde foredrag om målmannen, venstremannen, læraren og lærebokforfattaren Jens Hæreid.

Sakliste

1. Godkjenning av innkalling og sakliste
2. Val av ordstyrar, møteskrivar og to til å underskrive møteboka
3. Årsmelding 2017
4. Rekneskap 2017
5. Arbeidsprogram 2018
6. Årspengar 2019
7. Innkomne forslag
8. Budsjett 2019 – orientering
9. Val

Forslag til årsmøtesak 7 må vere styret i hende 07.02.2018.

Vi organiserar samkøyring til og frå biblioteket for dei som har same vegen. Ring Reidun på tlf. 922 98 745 seinast laurdagen før om du treng skyss eller køyrer aleine, så set vi dykk i kontakt med kvarandre, så langt det er mogeleg.

Vel møtt!

Foreløpig innkalling sendt 19. desember 2017, oppdatert og sendt 26.01.2018

Styret

reidun@hebb.no



Hadeland dialekt- og mållag



1. Godkjenning av innkalling og sakliste

Innstilling: Innkalling og sakliste er godkjent.

2. Val av ordstyrar og møteskrivar

Innstilling:

Ordstyrar: Helge Midttun

Møteskrivar: Reidun R. Sørensen

To til å underskrive møteboka:

3. Årsmelding 2017

Styret sitt framlegg til årsmelding for 2017 er lagt ved oppdatert innkalling.

Innstilling: Årsmeldinga er godkjent.

4. Rekneskap 2017

Resultatrekneskap og balanse er lagt ved oppdatert innkalling.

Revisjonserklæringa vil bli lagt fram i møtet.

Innstilling: Rekneskapen er godkjent.

5. Arbeidsprogram 2018

Styret sitt framlegg til arbeidsprogram blir lagt ved oppdatert innkalling.

Innstilling: Arbeidsprogrammet er godkjent.

6. Årspengar 2019

Årspengane til Noregs Mållag sentralt er i 2018 sette til kr 290 for hovudmedlemskap, og kr 145 for familiemedlemskap og medlemskap i lag tilslutta Noregs Ungdomslag.

Tilrådd sats for lokallaga er kr 40 for baa.

Innstilling: Årsmøtet vedtek 40 kr som årspengar til lokallaget for 2019, som før.

7. Forslag

A Styret foreslår godtgjering kr 500 til kundekontakt Gunvor Kjendlie.

Innstilling: Årsmøtet vedtek godtgjering for 2017 til Gunvor Kjendlie med kr 500.

B Styret foreslår godtgjering kr 5000 for 2017 til kasserar Einar Raastad.

Innstilling: Årsmøtet vedtek godtgjering kr 5000 for 2017 til Einar Raastad.

C Styret foreslår endringar i vedtektene §§1, 3, 5, 6, og 9, sjå vedlegg.

Innstilling: Årsmøtet vedtek endringane slik det går fram av dei nye vedtektene.

8. Budsjett 2018 - orientering

Innstilling: Til orientering.

9. Val

Valnemnd har vore Else Randi Kvåle, Helge Midttun og Mari Svenbalrud, alle valde for eitt år.

Valkomiteen og styret legg fram sine framlegg i møtet.

Styret